



Kongeskipet NORGE 'uglesett' i Øredalen.

**Vår maritime hoffotograf, Øystein Enæs, fanga eit motiv i det Kongeskipet NORGE sakte sig forbi Øredalen på Skorpo. Vi ser tydeleg ei landskapsform som ei ugla i bakgrunnen, som ser alvorleg på det staselege skipet i Storsund. Kongeskipet kom kl. 12.30 i sakte fart inn Gavelen på sin seglas til Rosendal med Dronninga om bord. NORGE gjekk dagen før gjennom Høylandssundet og låg natta over oppankra ved Klostervågen på Halsnøy. Dronninga vitja Halsnøy Kloster.**

Det er to skip som særleg får stor merksemd i Storsund. Det er seglskuta STATSRAAD LEHMKUHL og Kongeskipet NORGE. Straks er ivrige fotografar framme med kamera, legg på Facebook og sender uskedalen.no bilete. Takk for det.

Kongeskipet NORGE er mest kvar sommar å sjå på sine turar til Rosendal og Hardanger. Skipet er bygd i 1937 som yacht PHILANTE, men vart brukt som eskortefarty i krigsåra. I 1947 kom skipet til Noreg som kongeskip. Det var ei folkegåve til Kong Haakon og hans familie. 7. juni klappa skipet til kai i Oslo. To dagar etter overtok Kongen skipet fomelt, faktisk på prinsesse Ragnhild sin fødselsdag. Før dette fungerte jagaren KNM STORD som kongeskip.

Etter den dramatiske brannen ombord medan skipet lågg i dokk på Horten verft, vart skipet renoverert og oppgradert slik vi kjenner kongeskipet i dag. To åttesylindra MAN dieselmotorar vart i 1983 bytte ut med nye motorar frå Bergen Diesel.

Det er Marinen som drifrar kongeskipet i dag med sine offiserar og mannskap. 22 verneplittige gassar er til ei kvar tid ombord som ein del av fyrstegangstenesta.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/Knut Johannes Ripel



Kongeskipet sig sakte gjennom Storsund.